



I løyvenummer 2017.2653.T, ref punkt 1.1 Ragn-Sells AS

Avdeling Sunnhordland
Eldøyane 130
5411 Stord

Søknad om utvida lagringsmengd i løyvenummer 2017.0653.T, ref punkt 1.1 og samstundes auka årleg totalmengde til 30 000 tonn avfall ref punkt 1 Rammevilkår.

I dagens løyve:

Farleg avfall

- På tank	100 tonn
- Stykkgoods	200 tonn

Totalt 300 tonn

Mengdene har gradvis auka over tid og vi ser at det kan være hensiktsmessig å auka grensa slik at vi ikkje kjem i konflikt med løyvet.

Vi vil med dette søkja om å auke mengder stykkgoods me kan lagra frå 200 til 350 tonn. Totalt 450 tonn farleg avfall på lager. Mengder på tank uendra.

Samstundes ønsker vi å auke årleg mengde totalt mottak avfall i året frå 20 000 tonn til 30 000 tonn.

Vår vurdering er at sjølv om mengda aukast til 350 tonn stykkgoods har me tilstrekkeleg kapasitet på anlegget, det vil sei nok areal med tett dekke og tak.

Beredskapsnivået er skalert for å kunne handtera lagerets kapasitet. Me har gode rutinar som hindrar samlagring av inkompatible stoff, og varetar sikkerheit, helse og miljø samt varsling, kontroll, rutinar og kompetanse som preventive tiltak. Miljørisiko / konsekvens som auka fare for brann, eksplosjon, avrenning ol. endrast derfor minimalt i forhold til dagens nivå.

Eit auka løyve vil ikkje automatisk føra til auka mengde, og den årlege grensa vil ikkje nødvendigvis føra til at lageret er fullt heile tida.

Vårt overordna fokus i forbindelse med førebygging er uansett vareflyt; vårt sterkaste preventive tiltak er at varene holdast i omløp og lagringsmengda er lav, dette er også mest økonomisk.

Meir logistikk medfører meir støy og støv, men me meina dette er handterbart. Når det skalerast ned til auke pr dag, så meina me beredskapen vår og anleggets utforming, størrelse og styring handterer denne auken.

Liste over interesser (naboar) ved eventuell varsling eller høyring:

Aker Solutions, Stena Recycling, Baker Hughes, Ocean Installer, Eldøyane Vedlikehold, UNITEC, Tess, SN Stålbygg, Marine Aluminium, STS Gruppen, Renta

Medier: Bladet Sunnhordland (www.sunnhordland.no)



Finansiell Sikkerheit

Gjeldande finansiell sikkerheit har vi vært i dialog med Statsforvaltar om tidlegare da denne ikkje er tilstrekkeleg. Den vart sist godkjent 2017. Det ble avtalt at denne skulle endrast i forbindelse med nytt løyve.

Vi har sendt inn ny utrekning av tilstrekkeleg finansiell sikkerheit 28.02.2024 som tar høgde for dei nye mengdene vi søker om. Ventar på formell godkjenning av denne slik at vi kan ferdigstille påkravsgaranti.

Dato 21.03.2024

Signatur

Torill Mosheim
Avdelingsleder